

Knut Willie Jacobsen  
Lurevegen 304  
5912 SEIM

Dato: 14.12.2016  
Vår ref.: 2016/34783-6  
Saksbehandlar: tinsinc  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til Hamneset , Aurdal gnr 220 bnr 10 - Oppstart av privat planarbeid for utarbeiding av reguleringsplan - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 02.12.2016 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Hamneset. Hovudføremålet med reguleringa er fritidsbustad og naust. Det er ikkje klart om føremålet er i samsvar med kommuneplan. Det går ikkje tydeleg fram om kommunen har vurdert om planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

Saka er dårleg belyst. Det er ikkje gjort tilstrekkeleg greie for om planarbeidet er i tråd med kommuneplanen sin arealdel, eller om ein har vurdert om planarbeidet fell inn under forskrift om konsekvensutgreiing. Det er og gjeve svært kort frist til fråsegn.

### Strandsone

Strandsone er eit prioritert tema i plan- og bygningslova som seier at det skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjøen.

Det er eit regionalt areal- og miljømål at Hordaland skal verna om biologisk mangfald og verdifulle areal- og naturressursar på land og i sjø, som strandsona, friluftsområde med regional verdi, større inngrepsfrie område og kulturmiljø. Strandsona skal haldast open tilgjengeleg for ålmenta slik at ikkje verdifulle område vert nedbygde. Allmenne friluftsiinteresser skal prioriterast før utviklinga av private fritidseigedomar i strandsona.

Framtidig arealbruk i strandsona skal avklarast heilskapleg og langsiktig i kommuneplanen. Her må ein vurdera behovet for utvikling av eksisterande arealbruk og behovet for tilpassing av eventuell ny utbygging.

### Friluftsliv og landskap (regionale friluftsområde, <http://kart.ivist.no>)

Planområdet ligg i det regionale friluftsområdet Paddøyeni. Området omfattar strandsone, sjø og vassdrag, og er verdisett til kategori C: Registrert friluftsområde. Hordaland fylkeskommune føreset at nye tiltak ikkje kjem i konflikt med dei regionale friluftsverdiane i området. Særleg viktig er det å belyse og konsekvensvurdere verknaden av tiltak i plan for dei visuelle verdiane knytt til friluftsliv i sjø og ålmenta si tilgang til strandsona.

Planområdet ligg innanfor det registrerte landskapsområdet Ytstasundet-Midtsundet, som er eit vanleg forekommande landskap i kystbygdene på Vestlandet. Fylkeskommunen føreset at planarbeidet ikkje kjem i konflikt med landskapsverdiane i området. Særleg viktig er det å belyse og konsekvensvurdere verknaden av tiltak i plan for fjernverknaden frå sjø.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Det er frå før kjend to SEFRAK-registrerte bygg i planområdet. Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne i planområdet, men ut frå potensial for nye funn frå steinalder, må vi gjennomføre ei synfaring før vi kan gje fråsegn til planen. Ved synfaringa vil ein vurdere om tiltaket kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, og ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Synfaringa av planområdet vil verte gjort så raskt som råd.

Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan verte råka av tiltak etter planen.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

#### **Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på strandsone, friluftsliv, landskap og kulturminne og kulturmiljø. Det vil verte gjennomført ein synfaring før det vert gjeve kulturminnefagleg fråsegn i plansaka.

Eva Katrine R. Taule  
kst. plansjef

Tina KM Sinclair  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Monika Cecylia Serafinska- Kultur og idrettsavdelinga, Fylkeskonservatoren  
Gunhild Raddum- Samferdselsavdelinga, Transportplan

Kopi til:

FYLKESMANNEN I HORDALAND